



Sektor samfunnsutvikling - avdeling byggesak og geodata

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Vår ref. | Dykkar ref. | Dato |
|---------------|---------------------|--------------|-------------|------------|
| Synneve Skei | 901 46 818 | 2025/6714-11 | «REF» | 08.06.2026 |

VEDTAK OM PÅLEGG ETTER FORUREININGSREGELVERKET - VARSEL OM
TVANGSMULKT - 196/4

Vedtak om pålegg

Med heimel i lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 7 fjerde ledd og § 37 andre ledd, og forureiningsforskrifta kapittel 2, vedtek vi med dette følgjande vedtak:

1. Stans

- **Stans av tipping av forureina massar:** All tipping av massar som er definert som avfall skal stansast umiddelbart.

Frist: Onsdag 10.06.2026 kl 12:00. .

Dokumentasjon: Stans dokumenterast ved å stadfeste at tipping av massar definert som avfall er stansa. Stadfesting sendast til post@kvinnherad.kommune.no og merkast med saksnummer 2025/6714.

2. Undersøkingar av grunnforureining

- **Fagkompetanse:** De vert pålagt å kontakte eit nøytralt føretak med kompetanse innan forureina grunn.
- **Grunnundersøking:** Føretaket skal utføre undersøkingar av grunnen i tippen i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 2.
- **Tiltaksplan:** Dersom undersøkingane viser at massane er forureina, skal det utarbeidast ein tiltaksplan etter forureiningsforskrifta kapittel 2.

Frist: Fredag 03.07.2026 kl 12:00.

Dokumentasjon: Tiltaksplan/vurdering av fagkunnig sendast til post@kvinnherad.kommune.no og merkast med saksnummer 2025/6714.

3. Opprydding

- **Hageavfall:** Alt hageavfall skal fjernast og leverast til lovleg mottak.
- **Sandfangmassar:** Alle sandfangmassar skal fjernast og leverast til lovleg mottak.
- **Betongrestar:** Alt avfall av betongrestar skal fjernast og leverast til lovleg mottak.
- **Utstyr og materiell:** Utstyr og anna materiale som ikkje høyrer heime på nydyrkingsområdet skal fjernast.

Frist: Fredag 31.07.2026 kl 12:00.

Dokumentasjon: Opprydding dokumenterast ved å levere kvitteringar for avfall levert til lovleg mottak og stadfesting på at fjerning av hageavfall og sandfangmassar er gjort i tråd med tiltaksplan. Stadfesting og dokumentasjon sendast til post@kvinnherad.kommune.no og merkast med saksnummer 2025/6714.

Varsel om tvangsmulkt:

Som eit av verkemidla i forureiningslova for å få gjennomført gitte pålegg, er det i forurl. § 73 gitt heimel for ilegging av tvangsmulkt. Forurl. § 73 første ledd har fylgjande ordlyd:

For å sikre at bestemmelsene i denne lov eller vedtak i medhold av loven blir gjennomført, kan forurensningsmyndigheten fatte vedtak om tvangsmulkt til staten.

Dersom du ikkje fylgjer pålegget og ryddar opp innan fristen, vil vi vurdere å fatte eit vedtak om tvangsmulkt, etter forurl. § 73. Vedtaket vil gå ut på at dersom tilbakemelding om at forholdet

ikkje er retta innan frist, vil eit vedtak om tvangsmulkt med eingongsbeløp på kr. 25 000 og løpande dagmulkt på kr. 1000 for brot på forureiningslova § 7 frå og med 01.08.2026.

Mulka løper inntil kommunen har motteke skriftleg melding om at forholdet er retta.

Grunngjeving for vedtaket:

Kvinnherad kommune var 29.04.2026 kl 12-1330, på synfaring på eit nydyrkingsområde på eigedom 196/4.

Med på synfaringa var Natalie Martins Sæberg frå byggesak, Arve Aarhus frå landbruksavdelinga og Synneve Skei, miljøretta helsevern. Synfaringa vart munnleg og skriftleg varsla til grunneigar på førehand 21.04.2026.

Grunnen til synfaring var oppfølging av meldingar om mogleg forsøpling, ulovleg lagring av brukte gjenstandar og mogleg avvik frå føremålet med nydyrkingsløyve (mellomlagring av massar og gjenstandar, tipping i terreng). Synfaringa var også ei oppfølging av synfaringa som var gjort i mai 2025 etter klage om lagring av asfalt og brot på forureiningsregelverket. Den gongen vart det ikkje fatta vedtak om pålegg opprydding, då opprydding av asfalt vart utført straks etter kommunen hadde vore der. Kommunen fekk 26.03.2026 melding frå Statsforvaltaren om å følgje opp saken vidare, sjå saksnummer 2024/5494 som er vedlagt i brevet.

Etter at grunneigar vart varsla om synfaringa, mottok kommunen brev (26.04.2026) med opplysningar om kva som har vore utført på området. Opplysningane stemmer overeins med det vi såg på synfaringdagen.

I dette brevet frå miljøretta helsevern er det vurderingar etter forureiningsregelverket som er omtala og som gjev grunnlag for pålegget.

Observasjonar på synfaringa

På området var det plassert massar av betongrestar med armeringsjern.

Diverse utstyr som er vanskeleg å vurdere høyrer til gardsdrifta var plassert rundt om på området.

Det låg to slamavskiljarar på eigedomen, det var litt uklart kva dei skulle nyttast til.

Konteinarar som står på området var opplyst av grunneigar vil bli flytta over til andre sida av vegen for å skilje tydeleg dyrkingsområde og anna aktivitet.

I tippen som er etablert for å jamne ut dyrkingsområdet, var det utfordrande å vurdere om massane var reine. Vi såg ikkje spor av avfall der. Vi kunne heller ikkje sjå massar med hageavfall i tippen, men grunneigar opplyste om at det hadde vore dumpa hageavfall med framandartar i tippen.

Det er opplyst frå grunneigar at dei tømmer massar med slambil frå sandfangkummar i tippen. Det er sendt inn analyserapport på sandfangmassane.

Veg bort til tippet er forsterka med eit asfaltlag på toppen. Det vart opplyst av grunneigar at denne vegen kom til å vera permanent og derfor ikkje rekna som dyrkingsareal.

Nærare om funn og regelverket:

I etterkant av synfaringa har kommunen fått vegleiing hjå statsforvaltar for å tolke lovverk som regulerer avfall og deponi. Deponi er i avfallsforskrifta definert som eit anlegg for sluttbehandling av avfall ved permanent deponering på eller under bakken. Løyve til deponi for avfall er ein omfattande prosess som må søkjast om etter forureiningslova (forurl.) hjå Statsforvaltaren.

I tippet er det tippa hageavfall og sandfangmassar. Avfallsforskrifta definerer hageavfall og sandfangmassar som avfall, jf. kapittel 9 i avfallsforskrifta. Det betyr at massane ikkje kan brukast i den etablerte tippet på nydyrkingsområdet, men må leverast til eit avfallsmottak.

Vi viser også til vegleiing som gjeld for betongavfall. Betongavfall som ikkje oppfyller krava i forureiningsforskrifta § 33-13, andre ledd, kan ikkje gjenvinnast og skal leverast til lovleg avfallsmottak.

Eit lovleg avfallsanlegg er eit avfallsmottak som har løyve etter forureiningslova til å ta imot denne type avfall.

Vi vurderer at utstyr som ikkje høyrer til gardsdrifta må fjernast frå nydyrkingsområdet.

Med dette som grunngeving og i tråd med tilsynsrapport, vurderer kommunen det som naudsynt å fatta vedtak om pålegg etter forureiningsforskrifta og varsel om tvangsmulkt. Dette for å sikre gjennomføring og hindre vidare deponering og lagring av avfall.

Miljøretta helsevern vurderer at følgjande punkt treng oppfølging etter forureiningsregelverket:

1. Hageavfall uavhengig om det er framande artar eller anna hageavfall, skal leverast til lovleg mottak. Hageavfall som ikkje er kompostert kan danna deponigassen metan, og føra til avrenning av uheldige mengder næringsstoff. For mykje næringsstoff inkludert organisk materiale, og jordpartikler er blant de tre største negative påverknadane i vassdraga våre.¹ Handtering av hageavfall er heimla i avfallsforskrifta § 9-4 a).
2. Kommunen har fått tilsendt analyserapport av sandfangmassane som har vore tippa i tippet. I rapporten er det ikkje analysert for stoffa olje, tungmetall og PAH. Kommunen har teke kontakt med analyselaboratorium Alex Stewart International Norge AS (ASA) avdeling Odda. Dei opplyser at massane er analysert i tru om at dei skulle leverast til godkjent avfallsdeponi, derfor er ikkje stoffa olje, tungmetall og PAH teke med i analyserapporten.² Miljøretta helsevern har også teke kontakt med Statsforvaltaren for vegleiing om gjenbruk av sandfangmassar. Dei konkluderer at sandfangmassar er avfall og skal leverast til mottak

¹ <https://www.vannportalen.no/veiledere/Virkemidler-og-tiltak-i-vannforvaltningen-01.12.2020>

² <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/klifst/publikasjoner/2553/ta2553.pdf>

og viser til § 9-4 a) 3) i avfallsforskrifta. Tipping av sandfangmassar gir grunnlag for å pålegge grunneigar krav om undersøking for å avdekke forureina massar i tippen, jf. forureiningsforskrifta § 2-4. Undersøking av massane må utførast av føretak med særleg kompetanse, jf. forureiningsforskrifta § 2-7. Dersom undersøkingane viser at det er forureina massar i tippen skal det utarbeidast ein tiltaksplan etter forureiningsforskrifta § 2-6.

3. Betongrestar med armeringsjarn som vart opplyst var planlagt å gjenvinna til masseutfyllinga er avfall og er ikkje eigna som underlag i eit dyrkingsområde. Avfallet må leverast til lovleg mottak for handtering av slike massar.³
4. Utstyr og anna materiale som er skjemmande og ikkje høyrer til på eit nydyrkingsområde må fjernast.

Dine rettar:

Etter forvaltningslova § 16 skal part som hovudregel varslast før vedtak vert gjort.

Førehandsvarsling kan likevel unnlatast dersom det ikkje er praktisk mogleg, eller dersom varsling kan medføre fare for at vedtaket ikkje kan gjennomførast. I denne saka gjeld forholdet forureining i strid med forureiningslova § 7, der det ligg føre ein situasjon som krev rask inngripen for å hindre ytterlegare miljøskade. Å sende ut førehandsvarsling vil kunne forseinke naudsynte tiltak og dermed forverre forureiningssituasjonen, sidan det er eit pågåande dyrkingstiltak på staden. På denne bakgrunn vurderer kommunen at vilkåra for å unnlata førehandsvarsling er oppfylte, jf. Forvaltningslova § 16 tredje ledd.

Klagerett:

Du kan klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker. Hugs å grunngi klagen og før opp kva endringar du ynskjer. Send klagen til post@kvinnherad.kommune.no

Vedlegg:

- Tilsynsrapport frå synfaring saksnummer 2025/6424
- Brev frå Statsforvaltaren, saksnummer 2024/5494
- Bekymringsmelding, saksnummer 2026/3452

³ <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/forurensning/industri/for-naringsliv/betongproduksjon/gjenvinning-av-betongavfall/>

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Leif Ove Mikkelsen

Synneve Skei

Kommunedirektør

Miljøkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Natalie Martins Sæberg

Rosendalsvegen 10

Arve Aarhus

Rosendalvegen 10

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

Mottakarar:

Hege Mehammer Tofte

Geir Sverre Tofte